

**Regionalt møte - «Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland»**

Viser til den interkommunale planen som er lagt ut for høring og offentlig ettersyn.  
Inviterer til eit opent møte der alle kan komme!

Tid: Tysdag 15. november 2022 – kl 18.00 – 20.00 (NB kaffi og noko å bite i frå kl 17.30!)  
Stad: Region Nordhordland Helsehus – 6. etg møterom Nordhordland

## Program:

Start	Tema	Kven
18.00	Velkomst og innleiing	Leiar i interkommunalt planutval Hallvard Oppedal
18.10	Gjennomgang av planforslaget	Hans Kristian og BG
	Respons på planforslaget frå ulike aktørar	
18.30	Friluft -	Gunvald Mikkelsen
18.40	Miljø og naturvern	Jan Nordø
18.50	Fiskeri	
19.00	Akvakultur	
19.10	Havforskinga – siste nytt – korleis går det egentleg med livet i Havet! Gjer vi dei rette tinga!	Vivian Husa
19.30	Kva tenker statlege mynde om planen og livet i havet! Mattilsynet.. Statsforvaltaren ..	
19.50	Oppsummering	

Knarvik, 21. oktober 2022

**Høring og offentlig ettersyn - «Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland»**

Det Interkommunale planutvalet gjorde følgjande vedtak (vedlagt) i møte 06.11.2022 i sak 25/22:

*«I medhald av plan og bygningslova § 5-2 legg det Interkommunale Planutvalet den interkommunale planen for sjøareal for Region Nordhordland med plankart, planskildring og føresegner på høyring og offentleg ettersyn med dei endringane som vart bestemt i møte.»*

### **Kva saka gjeld**

Kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal har i fellesskap utarbeida eit forslag til interkommunal plan for sjøareala i kommunane (planen), jf. plan og bygningslova (pbl) §§9-1, 9-2 og 9-3. Det interkommunale planutvalet (IKPU) har fått mynde til å sende planen ut på høyring og offentleg ettersyn. Planen bygger på rammene i planprogrammet som vart vedteke av IKPU juni 2021.

Interkommunal plan for sjøareal er ein plan på kommuneplannivå, jf. pbl kap. 9. Det skal fastsettast juridisk bindande arealbruk med føresegn og retningslinjer. Den interkommunale planen vert presentert samla, men kvar kommune skal til slutt gjere vedtak om sitt sjøareal som bygger på ein samla regional plan. Planen er utarbeidd etter planprosessreglane, jf. pbl kap. 11.

### **Kva område gjeld planen for**

Planområdet omfattar sjøareala i kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal. Planområdet gjeld berre sjøområda. Det vil sei frå flomålet i elveosar, vassflata, vassøyla ned og sjølve sjøbotn. Avgrensing ut i sjø er 1 nautisk mil utanfor grunnlinja og etter rammene elles i hamne- og farvannslova.

### **Målet med planen**

Eit hovudføremål med planlegging etter pbl er å fremme berekraftig utvikling og bidra til samordning av statlege, regionale og kommunale oppgåver. Areal- og samfunnsplanlegging er ein sentral del av kommunane sitt arbeid med samfunnsutvikling.

Planen skal vere ein arealplan for sjøareala, der heilskapen blir ivaretatt over kommunegrensene og at det utviklast langsiktige rammer for berekraftig arealbruk, forvaltning og verdiskaping i sjøområda. Planen skal munne ut i ein juridisk bindande plan på kommuneplannivå.

## **Perioden for høyring og offentleg ettersyn**

### **1) Høyringsmøte – dialog**

Det vil bli arrangert høyringsmøte på regionalt nivå i Knarvik 15. november – kl 18.00 – 20.00 – Region Nordhordland Helsehus. Det kan også bli arrangert lokale møte, sjå heimesida til kommunane eller eiga annonsering.

### **2) Medverknad**

Det er totalt 8 kommunar som deltek. Det regionale nivået sender ut høyringsbrevet til regionale aktørar, sjå vedlagt adresseliste. **Den einskilde kommune sender ut til sine lokale (innan eigen kommune) aktørar innan til dømes næringsliv og frivillige organisasjonar.**

Alle innbyggjarar, næringsaktørar, frivillige lag og organisasjonar, offentlege mynde mfl. kan sende inn merknad til planforslaget. Det kan gjelde forslaget til arealplan og føresegnene til arealplanen.

### **3) Planforslaget – med dokument**

Informasjon, oversikt og tilgang til forslaget til plan finn ein på (ikkje lagt ved her):

- a. [www.regionnordhordland.no](http://www.regionnordhordland.no)
- b. Under «Høyring og kunngjering» og / eller «Aktuelt» på heimesida til dei deltakande kommunane
- c. Dokumenta vert også lagt ut i resepsjonen på kommunehusa og i biblioteka

#### 4) Karttenester

For å få oversikt over planområdet til arealbruk kan du for heile planområdet bruke:

- a. [www.nhkart.no](http://www.nhkart.no)

**Høyringsfrist for å kome med merknad er satt til 6.12.2022.**

**Alle merknadar skal merkast - «Høyring Interkommunal plan sjøareal» (emnefeltet i epost) – sendast til [post@regionnordhordland.no](mailto:post@regionnordhordland.no)**

eller som brev til

**Region Nordhordland IKS, Kvassnesvegen 23, 5914 Isdalstø**

Har du spørsmål eller ønskje om nærare avklaring kan du ta kontakt med:

- Hans Kristian Dolmen – [hans.kristian.dolmen@alver.kommune.no](mailto:hans.kristian.dolmen@alver.kommune.no)
- Bent Gunnar Næss – [bent.gunnar.naess@regionnordhordland.no](mailto:bent.gunnar.naess@regionnordhordland.no)

Med venleg helsing

Halvard Oppedal(sign)  
Leiar i Interkommunalt planutval

Bent Gunnar Næss (sign)  
Prosjektmedarbeidar  
Nordhordland Utviklingsselskap IKS